

Styremøte SFSG 14.8.23 på Teams

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Brede Fossen, Anne Inger Moen, Ole Bjarne Hovland og Solgun Haugen

Kl 20.30 – 22.05

Sak 36/23 Organisasjonsmessig høyring å ny dyrevelferdsmelding

Styret diskuterte høyring til ny dyrevelferdsmelding som er ute på høyring i organisasjonen. Det er kome innspel frå fem lokallag innan høyringsfristen. Styret gjekk gjennom innkomne innspel.

Styret sender fylgjande innspel til høyringa;

Styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit hadde høyringa oppe som sak på styremøte 14.8.23. Styret synest det er gjort grundig og godt arbeid med høyringsinnspelet.

Sogn og Fjordane Sau og Geit har fylgjande merknadar;

Målkonflikt 2: Norsk matproduksjon, tap av beiterett og dyrevelferd

- Styret i SFSG kunne tenkt seg at det vert skrive noko om konflikt mellom beitedyr og jaktinteresser, òg noko om problemet med utmarksgjerder som ligg ned. Generelt utfordrande med manglande gjerdehold, spesielt mot utmark. Færre dyr på utmarksbeite. Det vert difor ei interessekonflikt med grunneigarar som driv med jaktutleige, då desse ofte ikkje ynskjer beitedyr i jaktområdet.

Målkonflikt 3: Effektivisering og tap av bruk si effekt på dyrevelferd

- Dette er eit viktig punkt. Styret i SFSG tykkjer det er godt formulert.

Målkonflikt 4: Effektiviseringa si negative effekt på bondevelferd og dyrevelferd

- Styret i SFSG reagerer på setninga «For dei som ikkje har heile inntekta si frå drifta, er ofte situasjonen slik at dei aukar dyretalet for å få ei tilstrekkeleg inntekt». Denne setninga gjev ikkje skikkeleg mening for oss. Er denne rett formulert eller er det nokon ord for mykje, skulle «ikkje» vore fjerna?

Rovviltpolitikk

- Styret i SFSG ynskjer at dei to siste setningane i avsnittet bør uthevest, då desse er særskilt viktige.

Sikring av beiteretten i kommunalt planarbeid

- Styret i SFSG meiner at alle kommunar bør påleggast å ha ein beitebruksplan.

Sikring av hund i beiteområde

- Dette er eit veldig viktig punkt. Styret i SFSG ynskjer at denne setninga vert uthøva «For å redusera dette til eit minimum er regelverk som beskyttar beitedyra heilt naudsynt». Det er òg viktig at regelverket faktisk vert følgjt.

Beitedugande dyr

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sogn og Fjordane Sau og Geit



NSG

Norsk Sau og Geit

- Dette er eit viktig punkt. Styret i SFSG meiner at det må kome inn krav til kva som er eit beitedugande dyr. Det er nok at krava kjem i dyrevelferdsprogrammet.

Tilsyn

- Styret i SFSG meiner det er bra at NSG ikkje vil anbefale at det skal vera obligatorisk elektronisk sporing i utmark.

Bygg og arealkrav

- Det må vera ulike arealkrav, utifrå størrelsen på dyra og rase. Store/tunge dyr må ha større plass enn mindre dyr
- Det er viktig at eventuelle arealkrav som måtte koma ikkje får tilbakeverkande kraft.
- Ved nybygg kan arealkrav vere ein moglegheit, men det må kompenseraast med høgre byggetilskot pr vfs. Utforming av fjøs kan også ha mykje å seie for trivselen til sauene.
- Det må ikkje innførast krav om tett underlag til sau.
- Det bør forskast meir før ein eventuelt kjem med eit arealkrav.
- Styret i SFSG meiner NSG har fått med det viktigaste.

Dyreeigar sine haldningar og kunnskap

- Dyrevelferdsprogram for sau må vera for alle og ikkje berre for dei med over 30 vinterföra sauver. Alle dyr har lik verdi. Dyrevelferdsprogram må gjelda frå dyr nr 1. Velferda for dyra må vere den same om ein har eitt eller 30 dyr. Det er dyrevelferd det er snakk om her.
- Det bør vera kompetansekrav for nye brukarar som aldri har drive med dyr tidlegare.
- I staden for å gå på alle, bør fokus vera på dei som har for dårlig produksjon og/eller ikkje har hatt besök av veterinær.

Etablering av Helseteneste for geit

- Etablering av Helseteneste for geit burde absolutt vore på plass for lenge sidan, spesielt med tanke på dei besetningane som har fått påvist bylesjuke i seinare tid. Her må dette inkludere alle driftsformer og rasar.

Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694